

# Nynorsk og meiningar

ble konstruert av historikere og skjønnånder under nasjonalromantikken rundt midten av 1800-tallet. Maleriet *Brudefjerdan i Hardanger* (1849) symboliserer

sammenheng med skipstiden, skogen, metallene og fiskeeksporten har vært avgjørende i den eksportledede veksten som har løftet fram Norge til den velstand vi nå har. De

## Føleles- eller faktabasert

Når det gjeld mat, er det ein relativt personleg ting. Vi kan la vere å ete det vi ikkje likar. Når det gjeld ting som på ein eller annan måte involverer andre menneske, blir saka straks meir komplisert.

**JENS HAUGAN**  
Førstemanuensis i norsk, Høgskolen i Hedmark

**DEBATT**

Nokon prøver seg med noko som kan likne på «argument», andre berre meiner; og det er jo heilt legittimt i Ordet Fritt. Per Johansen skreiv t.d. 11.8.: «Alle må ha rett til å ha sin egen mening».

Meiningar kan vere så mykje. Nokon gonger er det ein meiner, basert på subjektive følelsar. Andre gonger er det ein står for, basert på objektive fakta. I vår kultur er vi gjerne relativt strenge med ungene våre når dei seier at dei ikkje likar dette eller hint. Vi aksepterer sjeldan meiningssdanning basert på synsing, men krev argumentasjon. Ungen kan gjerne mislike agurk eller tomatar; vi menneske er forskjellig, og alle kan ikkje like det same. Men som regel krev vi at ungen i alle fall har smakt på maten før han eller ho tek eit «offisielt» standpunkt.

blir opplyst. Når ein i tillegg tek med at det finst eit hav av andre radio- og TV-kanalar, er nynorskdelene i media forsvinnande liten.

Så når Johansen med sin aversjon mot nynorsk meiner nynorsk strid dette mot den faktuise situasjonen tek altfor mykje plass i NRK, brukar derimot hadde meint at bokmål tok altfor stor plass i NRK, hadde det reint statistisk vore meir korrekt. Men både Johansen og eg kan sjølv sagt bruke eit ord som «altfor» i forhold til våre subjektive meiningar.

**Praktisk gjennomførbart**  
Når Johansen meiner at ein burde ha eitt språk, nemleg riksmål, er det eigentleg to meiningar. Den eine meininga er realistisk, den andre er mindre realistisk. Det er absolutt praktisk og framleis gjennomførbart å ha eitt skriftspråk i Noreg. Men i den grad det blir eitt språk, blir det nok bokmål og ikkje riksmål, sidan riksmål ikkje er noka offisiell målform i Noreg. Eg nemner dette for å vise at ein kan meine kva ein vil, men det tyder ikkje nødvendigvis at eins personlege meiningar alltid er like realistiske eller godt funderte.

Om Usotnaken. Det minner vi også andre steder, men de er særlig kraftfulle på Vestlandet. I dette ligger langt fra hele forklaringen på motstanden mot «monsternastene», men det er sentrale element. I dette

## Retorisk

Når det gjeld Bjørn Kristen Ørbæk sitt innlegg 5.8., som Johansen sluttar seg til, har eg diskutert argumenta hans tidlegare då vi hadde nynorskdebatten i HA i 2008. Det kan vere retorisk lurt å bruke ei «svak» samfunnsgruppe, som t.d. innvandrarane, som eit argument imot nynorsk.

Spørsmålet er berre om ein ser konsekvensen av dette i ein større samanheng. Ørbæk krev at ein skal ta omsyn til innvandrarane og derfor fjerne nynorsk. Men folk med same politiske ståstad kritiserer gjerne innvandrarane for at dei tra kultur pregar det norske samfunnet på måtar ein ikkje ønskjer, og at norsk kultur kan komme i bakgrunnen.

## Språkleg identitet

Den praktiske konsekvensen av å fjerne nynorsk heilt, ville vere at hundretusenvis av nordmenn ville miste sin språklege og kulturelle identitet. Den indrekte podskapen som Ørbæk og Johansen sender ut, er at dei ønskjer å vise meir respekt og toleranse overfor dei som av ulike grunnar flyttar til Noreg, enn overfor alle dei nordmenn som av personlege, geografiske eller politiske grunnar ikkje brukar bokmål.

med seg i Spania? eksperimentet, la penta og 2-7-egnskapet aspekt - pluss flere.

## Ved å bruke innvandrarintegring

Når det gjeld Bjørn Kristen Ørbæk sitt innlegg 5.8., som Johansen sluttar seg til, har eg diskutert argumenta hans tidlegare då vi hadde nynorskdebatten i HA i 2008. Det kan vere retorisk lurt å bruke ei «svak» samfunnsgruppe, som t.d. innvandrarane, som eit argument imot nynorsk.

## Retorisk knep

No er nok «innvandrarargumentet» mest eit retorisk knep for å fremme si eiga personlege haldning mot nynorsk. Det er i alle fall vel drygt å påstå at alle innvandrarane som ikkje lærer seg norsk, gjer dette fordi dei er forvirra av dei to målformene vi har i Noreg, og at ein derfor, ifølgje Ørbæk, heller ser på arabiske satellittprogram. Det er like naturleg for innvandrarane å ville følge med på det som skjer i heimlandet, som det er for nordmenn i Spania å halde kontakten med Noreg. Eller meiner Ørbæk kanskje også at det er «familiens mannlige bestyrelse» som bestemmer korleis ein oppfører seg i Spania?

